

Møtebok

Felles kontrollutvalsmøte for Eid og Selje

Møtestad: Eid kommunehus, møterom Jektehola
Dato: 07.11.2018
Tid: Kl. 12:00-14:00

Faste representantar som møtte frå Eid kontrollutval:

Ole Reinhardt Bugjerde, leiar
Kjell Haugland
Brit Eltvik Lien

Forfall faste representantar Eid kontrollutval:

Jorunn Sandvik, nestleiar
Arve Dahl

Vararepresentant som møtte:

Brit Moa

Faste representantar som møtte frå Selje kontrollutval:

Svein Rune Krakereid, leiar
Veronica Hatlenes
Mirjam Friberg

Forfall faste representantar Selje kontrollutval:

Per Egil Hellebust, nestleiar
Atle Svein Honningsvåg

Vararepresentant som møtte:

Andre som møtte:

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim og Audhild Ragni Vie Alme
Vest kontroll v/Jostein Støylen
Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Markvard Sunde
Prosjektleiar/rådmann Åslaug Krogsæter i sak 4.
Leiar i Fellesnemnda Stein Robert Osdal

Sakliste

- 1) Val av møteleiar
- 2) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 3) Referatsaker:
 - a. Møteprotokollar frå fellesnemnda (1.3.-20.9.2018)
 - b. Styringsdokument handsama i fellesnemnda 3.5.2018 sak 30/18.
- 4) Informasjon frå prosjektleiar/rådmann Åslaug Krogsæter.
 - a. Status i samanslåingsarbeidet pr i dag
 - b. Eigarskap – korleis arbeider fellesnemnda med dette?
 - c. Arbeidet i fellesnemnda framover
- 5) Val av revisor - informasjon v/Arnar Helgheim
- 6) Val av sekretariat – informasjon v/Arnar Helgheim
- 7) Neste møte?

1.Val av møteleiar:

Ole Reinhardt Bugjerde vart vald som møteleiar

2. Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

3. Referatsaker:

Leiar i Fellesnemnda Stein Robert Osdal informerte om saker handsama i Fellesnemnda.

4. Informasjon frå prosjektleiar/rådmann Åslaug Krogsæter:

Prosjektleiar Åslaug Krogsæter informerte om status for arbeidet med kommunesamanslåing av Eid og Selje til nye Stad kommune. Må framskunde noko frå 2020 til 2019 grunna økonomiske forhold. Informasjon om korleis fellesnemnda arbeider med eigarskap – sett ned prosjekt før 2019. Eigarskapsmeldingane i dei to kommunane skal samkøyrast.

Leiar i Fellesnemnda Stein Robert Osdal informerte om den politiske prosessen i samband med samanslåing til Stad – korleis skape engasjement blant innbyggjarane til den nye kommunen. Eigarskap til korleis kommunen vert driven - informasjonsflyt.

5. Val av revisor - informasjon

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim informerte.

Kontrollutvalet i Eid og Selje skal kvar for seg gje si tilråding om val av revisor til Fellesnemnda for Stad kommune. Handsaming i kontrollutvalet våren 2019.

6. Val av sekretariar - informasjon

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim informerte.

Kontrollutvalet i Eid og Selje skal kvar for seg gje si tilråding om val av sekretariat til Fellesnemnda for Stad kommune. Handsaming i kontrollutvalet våren 2019.

Sekretariata kan ikkje førebu sak om val av sekretariat til kontrollutvalet, så her må kontrollutvalsleiarane ha ansvar for saksførebuing.

7. Neste møte

Nytt fellesmøte for kontrollutvala vert **6. mars 2019** kl. 12:00 i Selje.

Møtet vart avslutta kl. 14:00